# Permanent telt i båthamna

21.04.2015



Her skal teltet plasserast -til glede for mange.

**Nokon har kanskje undrast over ein platting som er støypt i båthamna - kva skal han nyttast til? I helga får dei svaret - det skal plasserast eit telt på plattingen og teltet vert permanent. Her vil dei som er i hamna på besøk eller utflukt kunne ty inn hvis det regnar. Det gjeld til dømes barnehageborna.**

**Monteringen av teltet vil, saman med mykje anna dugnadsarbeid, gå føre seg på fredag frå klokka 17 til 20 og på laurdag frå klokka 10 til 14. Her er nokre døme på aktuelle oppgåver.**



Dugnad i båthamna eit tidlegare år

* Monteringen av teltet
* Feiing/rydding på kaien

* Høytrykkspyling av treverk

* Diverse reparasjon av treverk/brygger
jj
* Røyrarbeid

' Trimming av hekk

' Utplassering av uteliggjar

* Planting i blomekrukkar

* Kaffekos

Den enkelte må ta med verktøy som høver til den aktivitet som dei ynskjer å delta i, heiter det i eit opprop frå styret som håpar på to riktig effektive døgnadsøkter.

Tekst, foto og nett_ Ola Matti Mathisen